


ÅRSMELDING OG
REKNESKAP

VOLDA OG ØRSTA
REINHALDSVERK IKS



2007

STYRETS ÅRSMELDING 2007.

2007 er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) sitt 20 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommune og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50% på kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta Kommune og driv med innsamling og behandling av avfall og slam på vegne av eigarkommunene.

Abonnementfordeling:

Kommune	Hushaldningsabb	Slamabb
Ørsta	4220	961
Volda	3533	572
Sum	7753	1533

Styringsorgan

Representantskapen avvikla 2 møter og styret 6 møter dette året.

Representantskapens sine medlemar er: Gudny Fagerhol – leiar, Oddrun Årflot – nestleiar, Vagleik Hustadnes, Knut Steinsvik, Marte Styve Holte, Nils Trovåg, Per A. Vatne, Signe Turid Barstad

Styret sine medlemmer: Ann Britt Våge Fannemel – leiar, Ivar Aarskog - nestleiar, Ove Lid, Reidun Vigestad Berge og Odd Martin Svensli (tilsette sin representant).

DRIFTA

Innsamlinga og avsetning av avfall går bra i 2007. Eit år utan nye reformer og eit år utan nye om eller utbyggingar.

Så godt som alt avfallet til VØR går til attvinning enten som energiattvinning eller som materialattvinning.

Papp, papir, drikkekartong, glas og plast frå hushaldningane går til materialgjenvinning som råvarer til produksjon av nye materialar. Resten går til energigjenvinning der avfallet er råvare til produksjon av energi.

<i>Avfallsmengder i tonn</i>	2007	2006
Hushaldningsavfall	3779	3691
Papir / papp	1212	1185
Plast	15	14
Glas	170	92
Farleg avfall	67	42
E.E. avfall	304	301
Hageavfall	Ca 1500	Ca 1350
SUM	7047	6675

Blanda avfall frå hushaldningane.

Mengdene restavfall aukar år for år, men veksten siste åra har flata ut, med ein vekst mindre enn auken i kjøpekraft. I heile 2007 blir restavfallet levert til energiattvinning hos Nordmøre Energigjenvinning AS på Averøy.

Papp, papir og drikkekartong.

Innsamla kvantum hos hushaldningane auka også i 2007, men veksten av papir til attvinning har også flata ut. Det lesbare papiret blir sortert og går til produksjon av nytt avisepapir. Pappen blir resirkulert til ny papp og drikkekartongen blir til konvoluttar og postkort.

Glas og metall

Det meste av glaset går som råvare til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull. (Glava)
Innsamla mengder glas har auka jamnt og trutt siste åra.

Plast

Plast går til vidaresortering for attvinning. Den blanda fraksjonen vert handsama kjemisk i Sverige der ferdigproduktet blir metanol. Resten går til energiattvinning der plasten erstattar anna fossilt brensel.

Farleg avfall.

Auken av mengdene frå 2006 skuldast først og fremst lagersituasjonen pr 01.01.07, og at vi fekk inn meir blybatteri og spillolje enn året før.

Vi plasserte ut to nye farleg avfall stasjonar på bygdene i 2007. Ein på Urke og ein i Bjørkedalen. Vi har no i alt 10 stasjonar for farleg avfall ute på bygdene i tillegg av Miljøstasjonen i Hovdebygda. Stasjonane på bygdene er også mottaksplass for mindre elektroavfall.

Slam.

Vi hadde ikkje ordinær innsamlingsrunde i 2006.

Elektrisk Elektronisk avfall.

Innbyggjarane leverte ca 16,4 kg E.E. avfall pr person i 2007, som er ny rekord. Årsaka til dei store mengdene er truleg todelt. God kjøpekraft og gode miljøholdningar blant folk flest, og på grunn av bygderyddinga vi arrangerte våren-07.

Personal, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 13 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2007 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder i 2007 for å avdekke avvik. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Vi organiserar aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. VØR sine bilar har alle miljøvennlige Euro-motorar.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle nyttilsettingar.

Av våre tilsette er 2 kvinner

VØR hadde 1,6 % korttidsfråvær (< 10 dagar) og 16,9 % langtidsfråvær (>10 dagar) i 2007.

Vi har ikkje registrert fråvær på grunn av arbeidsuhell i 2007. Vi har ikkje registrert forureining til det ytre miljø i 2007.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon og forskrifter

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava og dei kommunale forskriftene av 30.06.04

Slam

VØR mellomlagrar avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. VØR etterlever disse løyvekrava. VØR arbeidar med å finne ei permanent ordning for slamhandsaminga.

ØKONOMI.

VØR rapporterer sitt rekneskap til SSB –Kostra pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast eller dekkast inn etterskotsvis i ei periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr.

VØR sette ned gebyra i 2007 i høve 2006 for å tilbakeføre tidligare års overskot til abonnentane. Også for 2008 er gebyra sette ned.

Årsresultatet syner eit overskot på hushaldningsrenovasjon på kr 2.542.741,- som vert overført til bunden fond – overskotsfond hushaldningsgebyr.

Årsresultatet syner eit underskot på slam på kr 430.737,- som vert dekt av bunden fond – overskotsfond slamgebyr. I 2006 sette vi av kr 355.433,-. Så her har vi no eit gebyrnivå lavare enn årlege inntekter.

Årsresultatet syner eit overskot på kr 828.677,- for området utleigeaktivitetar som vert overført til fri eigenkapital.

VØR går godt takka vere eit kostnadseffektivt driftsopplegg, og god utnytting av ressursane. Det har fleire årsaker. Vi har ei god og stabil drift takka vere motiverte og flinke tilsette. Omleggingane i drifta siste åra har gitt oss rasjonell drift og dermed lågare kostnader i høve tidligare. Ei periode utan nye reformer og bygging som skaper vanskar for drifta har også hjelpt på.

Styret meiner at føresetnaden for fortsatt drift er tilstade.

Totalt sett er styret godt nøgde med året 2007, og takkar dei tilsette for innsatsen.


Hovdebygda 19.02.08



Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar


Ivar Aarskog
Nestleiar


Ove Lid


Reidun Vigestad Berge


Odd Martin Svensli
(tilsette sin representant)


Petter Bjørdal
Dagleg leiar

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Resultatrekneskap

	Note	2007	2006
Driftsinntekter			
Salsinntekt		<u>21 013 755</u>	<u>25 409 104</u>
Driftskostnader			
Varekostnad		48 727	1 305
Lønnskostnad	2	5 279 336	5 197 002
Avskrivning	3	3 486 519	3 309 329
Annan driftskostnad	2	9 229 844	12 738 959
Sum driftskostnader		<u>18 044 426</u>	<u>21 246 595</u>
Driftsresultat		<u>2 969 329</u>	<u>4 162 509</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekt		806 772	322 352
Annan finanskostnad		835 419	1 441 459
Netto finansposter		<u>-28 647</u>	<u>-1 119 107</u>
Årsresultat		<u>2 940 682</u>	<u>3 043 402</u>
Som er nytta til			
Overført fond slambehandling		-430 736	355 433
Overført fond hushaldning		2 542 741	1 917 080
Overført annan egenkapital		828 677	770 889
Sum nytta		<u>2 940 682</u>	<u>3 043 402</u>

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Balanse pr. 31. desember

	Note	2007	2006
Anleggsmiddel			
<i>Immaterielle egedelar</i>			
Webside	3	<u>18 800</u>	<u>18 800</u>
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	17 148 390	18 858 256
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskinar ol	3	4 329 539	5 877 430
Sum varige driftsmiddel		<u>21 477 929</u>	<u>24 735 686</u>
<i>Finansielle anleggsmiddel</i>			
Investeringar i aksjar og andelar	6	<u>937 832</u>	<u>915 945</u>
Sum anleggsmiddel		<u>22 434 561</u>	<u>25 670 431</u>
Omlaupsmiddel			
Varer	1	<u>36 444</u>	<u>28 130</u>
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar		485 484	2 720 883
Andre fordringar		465 989	740 411
Sum fordringar		<u>951 473</u>	<u>3 461 294</u>
Bankinnskot, kontantar og liknannde	4	<u>11 309 949</u>	<u>6 562 435</u>
Sum omlaupsmiddel		<u>12 297 866</u>	<u>10 051 859</u>
Sum egedelar		<u>34 732 427</u>	<u>35 722 290</u>


VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS


Balanse pr. 31. desember


	Note	2007	2006
Eigenkapital			
<i>Opptent egenkapital</i>			
Fond for etterdriftiltak deponi		1 092 672	1 092 672
Fond for slamhandsaming		464 418	893 818
Fond for hushaldning		7 030 097	4 488 693
Annan egenkapital		5 599 581	4 770 904
Sum opptent egenkapital		<u>14 186 768</u>	<u>11 246 087</u>
Sum egenkapital		<u>14 186 768</u>	<u>11 246 087</u>
Gjeld			
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	5	<u>17 066 255</u>	<u>19 677 297</u>
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		2 499 158	3 746 057
Skyldige offentlege avgifter		444 659	471 815
Anna kortsiktig gjeld		535 587	581 034
Sum kortsiktig gjeld		<u>3 479 404</u>	<u>4 798 906</u>
Sum gjeld		<u>20 545 659</u>	<u>24 476 203</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>34 732 427</u>	<u>35 722 290</u>


31. desember 2007


Hovdebygda, 19. februar 2008



Reidun Vigestad Berge
styremedlem


Ove Lid
styremedlem


Odd Martin Svensli
styremedlem


Petter Bjørndal
daglig leder


Ann Britt Våge Fannemel
styreleder


Ivar Årskog
styremedlem

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2007

Note 1 Rekneskapsprinsipp.

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og virkelig verdi for varer kjøpt inn for vidareasal, forsikra pensjonspliktar er ikkje balanseført – kostnaden er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leiegavtalar er ikkje balanseført, varige driftsmiddel vert som hovedregel avskreve lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

Lønskostnader består av følgjande postar:	2007	2006
Løner:	3 839 427	3 943 797
Folketrygdavgift:	644 681	634 454
Pensjonskostnader:	621 598	514 445
Andre lønskostnader:	160 741	104 306
Sum lønskostnader:	5 266 447	5 197 002

Det har vore 14 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2007.

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre / Rep.skap
Løn:	511 889	151 305
Pensjonspremie:	23 966	
Annan godtgjersle:	10 805	

Årets netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande vis

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Pensjonspremie i året:	643 485
Pensjonskostnad i alt:	643 485

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar i 2007 utgjer kr. 9 408.

Note 3 Varige driftsmiddel.

Kostpris 01.01.2007:	41 163 126
Tilgang:	249 312
Avgang:	8 488
Kostpris 31.12.2007:	41 403 950
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.2007:	22 559 844
Balanseført verdi 31.12.2007:	18 844 106
Ordinære avskrivningar i året:	3 486 519
Ekstraordinær avskrivning transportmiddel:	0

Note 4 Bundne midlar.

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 215 209.

Note 5 Langsiktig gjeld / pantsetjingar og garantier.**Gjeld som forfell meir enn fem år etter slutten av rekneskapsåret:**

Gjeld til kredittinstitusjonar:	4 011 045
---------------------------------	-----------

Pantsetjingar og liknande:	Gjeld sikra med garantiar frå eigarane:
Gjeld til kredittinstitusjonar:	17 066 255

Note 6 Eigenkapitaltilskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemene vert belasta for eigenkapitaltilskot. Ein har i 2007 betalt kr. 21 887, som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitaltilskot er no kr. 157 017, medan KLP sitt estimat er kr. 169 624. Norsk Rekneskapsstandard seier at det er den lavaste av desse beløpa som skal nyttast i rekneskapen.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

MOTTEKE	
26 FEB 2008	
ARK.NR.	J.NR. 379

Til representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING FOR 2007

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS for rekneskapsåret 2007 som viser eit årsoverskot på kr.2.940.682,-. Årsrekneskapen, som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap og balanse med tilhøyrande notar er utarbeidd av verksemda sin rekneskapsfører.

Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik lov og forskrifter krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov og tilhøyrande forskrifter og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og dessuten vurdering av innhald og presentasjon av årsrekneskapen.

Vi meiner at dei utførte revisjonshandlingane gir eit forsvarleg grunnlag og støttar opp om konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2007 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i samsvar med god rekneskapsskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslag til anvendelse av årsoverskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter

Larsnes, 25. februar 2008

Halldis Moltu

Halldis Moltu

-registrert revisor-